



# DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

## **Møtebok for Meland sokneråd - fellesrådssaker**

**Møtedato:** 24.08.2017  
**Møtetid:** kl. 18:30  
**Møtestad:** Formannskapssalen, Meland rådhus

### **Til stade:**

Torbjørn Aamli, Per Audun Heskestad, Andreas Westermoen, Bent Gunnar Næss, Andreas Sagstad Berg, Ingunn Reigstad, Regine Sagstad Berg, Synnøve Kårstad Ryland.

Frå administrasjonen møtte Anne Sofie Nergård Uthaug.

### **Meldt forfall:**

Sølvi Norunn Gripsgård Knudsen, Brigt Roar Skeie, Marit Jøssang.

### **Innkalling, sakliste og sist møtebok:**

Innkalling og sakliste vart godkjent. Møtebok frå møte 08.06.17 vart godkjent..

### **Meldingssaker:**

#### **Sak 000009 Møte med kommuneleiinga 13.9**

Det er sett opp møte med rådmann og ordførar, kyrkjeverje og soknerådsleiar onsdag 13.9. Kommunal representant i soknerådet bør også møte. Tema blir samarbeidsrelasjonane generelt og med dei aktuelle sakene for tida; budsjett 2018, samanslåing av fellesråd og følgjer for samarbeidet, kyrkje/kulturbygg.

#### **Sak 000010 Medarbeidartreff**

Anne Kjersti Erikstein og Kari Erikstein er med i komiteen. Soknerådsleiar spør fleire.

#### **Sak 000011 Felix og folkehøgskulen.**

Samarbeid med folkehøgskulen blir avslutta grunna nye reglar for kortkurs. Øvingane vert flytta til Møteplassen. Søknad om støtte kjem.

#### **Sak 000012 Gjevartenestekomiteen**

Status frå Bent Gunnar Næss: Bent Gunnar ber om å få avløyning frå oppgåva fordi han skal inn i to andre tunge verv i haust. Forslag til nytt medlem: Eva Kristin Dale Wessman. Sjå ellers sak 16/17.

#### **Sak 000013 Skriv**

Det har komen inn til no i år 61400 i tilskot frå K-stud, OVF og kommunal kulturstøtte.

#### **Sak 000014 Prestetenesta i Meland 2017-18**

Sokneprest Torbjørn Aamli tek på seg 50% vikariat i Osterfjorden fram til mai 2018. Bjørn Moe har fått ny jobb i Fyllingsdalen. Vikar i Meland i 100% blir Helge Hitland, i første omgang fram til årskiftet. Kyrkjelyden får 20% stillingsressurs frå bispedømet til konfirmanopplæring i perioden.

#### **Sak 0000 Møteplassen, utleige og omdisponering av dagar**

Utstyr og bord er no innkjøpt og det er gjort klart for utleige av lokalet.

Internasjonalt arbeid har bede om å få byte dag til onsdagar. Felix har øvingane sine i lokalet annakvar tysdag.

#### **Sak 015/17 Mandat og representantar til kyrkjeleg fellesnemnd**



# DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

## *Forslag til vedtak:*

- a) Meland sokneråd vedtek oppretting av kyrkjeleg fellesnemnd for framtidig Alver kyrkjelege fellesråd. Kyrkjeleg fellesnemnd vert oppnemnd i første fellesrådsmøte etter Stortinget sitt vedtak om endring av kommunestruktur.
- b) Kyrkjeleg fellesnemnd for Radøy, Lindås og Meland skal gjennomføre samanslåing av verksemds- og forvaltningsfunksjonar, etablere naudsynte administrative funksjonar og legge til rette for folkevald styringsstruktur fram til det nye fellesrådet i Alver trer i funksjon 01.12.2019.
- c) Kyrkjeleg fellesnemnd er samansett av 2 representantar frå kvart fellesråd (sokneråd i Radøy og Meland), 1 kommunal representant samt 1 geistleg representant utnemnd av biskopen. Det bør også veljast varamedlemmer. Til saman vert det 8 medlemmer med røysterett i nemnda.
- d) Kommunal fellesnemnd vert oppmoda til å oppnemne ein representant til kyrkjeleg fellesnemnd. Vedkomande må oppfylle krav om medlemskap til kyrkjeleg fellesråd, jf. kyrkjelova §29.
- e) Biskopen vert oppmoda til å utpeike ein prest eller prost til kyrkjeleg fellesnemnd.
- f) Funksjonstid til fellesnemnda er fram til 01.12.2019. Det nye fellesrådet trer i kraft frå same dato.
- g) Kyrkjevevjerjane frå fellesråda har møte- og talerett.
- h) Kyrkjeleg fellesnemnd utarbeider eit framlegg til vedtak om fullmakt for kyrkjeleg fellesnemnd. Likelydande vedtak må gjerast i alle dei tre fellesråda.
- i) Det vert oppretta ei prosjektgruppe/arbeidsutval der administrativ leiar for prosessen deltar.
- j) Det kan opprettast temagrupper på nærmare avgrensa felt der ressurspersonar deltek. Dersom slike temagrupper vert oppretta bør arbeidstakarrepresentantar delta, jf. Hovudavtalen § 7-3.
- k) Den som har administrativt ansvar for samanslåinga er sekretær for fellesnemnda og førebur sakene for nemnda. Vedkomande har også møte-, tale- og forslagsrett.
- l) Leiar og nestleiar vert valt av fellesnemnda.
- m) Fellesnemnda skal evaluere prosessen og resultatane før ho vert oppløyst.
- n) Fellesnemnda er ikkje ansvarleg for den daglege verksemda i fellesråda så lenge desse er sjølvstendige einingar. Fellesnemnda må få særskilt informasjon om vedtak i fellesråda som har verknad for samanslåinga/det nye fellesrådet. Fellesråda og fellesnemnda senderover sine møteprotokollar til kvarandre.
- o) Fellesnemnda har medansvar for at dei tilsette sin medverknad vert ivaretatt. Dette må drøftast med dei tillitsvalde så tidleg som mogeleg (jf. HA § 9-4).
- p) Fellesnemnda tilset prosjektleiar og kyrkjevevjerje.
- q) Nordhordland revisjon vert valt som revisor for fellesnemnda i perioden fellesnemnda er i funksjon ( fram til 30.11.2019).

## *Møtebehandling:*

Del 1 i vedtaket vart handsama for seg vedtaket gjort separat. Del 2 vart vedteken etter at Sak 16/17 hadde



# DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

vore handsama.

*Vedtak:*

## **Del 1. Oppretting, oppgåver og samansetjing av kyrkjeleg fellesnemnd**

- a) Meland sokneråd vedtek oppretting av kyrkjeleg fellesnemnd for framtidig Alver kyrkjelege fellesråd. Kyrkjeleg fellesnemnd vert oppnemnd i første fellesrådsmøte etter Stortinget sitt vedtak om endring av kommunestruktur.
- b) Kyrkjeleg fellesnemnd for Radøy, Lindås og Meland skal gjennomføre samanslåing av verksemds- og forvaltningsfunksjonar, etablere naudsynte administrative funksjonar og legge til rette for folkevald styringsstruktur fram til det nye fellesrådet i Alver trer i funksjon 01.12.2019.
- c) Kyrkjeleg fellesnemnd er samansett av 2 representantar frå kvart fellesråd (sokneråd i Radøy og Meland), 1 kommunal representant samt 1 geistleg representant utnemnd av biskopen. Det bør også veljast varamedlemmer. Til saman vert det 8 medlemmer med røysterett i nemnda.
- d) Kommunal fellesnemnd vert oppmoda til å oppnemne ein representant til kyrkjeleg fellesnemnd. Vedkomande må oppfylle krav om medlemskap til kyrkjeleg fellesråd, jf. kyrkjelova §29.
- e) Biskopen vert oppmoda til å utpeike ein prest eller prost til kyrkjeleg fellesnemnd.
- f) Funksjonstid til fellesnemnda er fram til 01.12.2019. Det nye fellesrådet trer i kraft frå same dato.
- g) Kyrkjeverjane frå fellesråda har møte- og talerett.
- h) Kyrkjeleg fellesnemnd utarbeider eit framlegg til vedtak om fullmakt for kyrkjeleg fellesnemnd. Likelydande vedtak må gjerast i alle dei tre fellesråda.
- i) Det vert oppretta ei prosjektgruppe/arbeidsutval der administrativ leiing for prosessen deltar.
- j) Det kan opprettast temagrupper på nærmare avgrensa felt der ressurspersonar deltek. Dersom slike temagrupper vert oppretta bør arbeidstakarrepresentantar delta, jf. Hovudavtalen § 7-3.
- k) Den som har administrativt ansvar for samanslåinga er sekretær for fellesnemnda og førebur sakene for nemnda. Vedkomande har også møte-, tale- og forslagsrett.
- l) Leiing og nestleiar vert valt av fellesnemnda.
- m) Fellesnemnda skal evaluere prosessen og resultatane før ho vert oppløyst.
- n) Fellesnemnda er ikkje ansvarleg for den daglege verksemda i fellesråda så lenge desse er sjølvstendige einingar. Fellesnemnda må få særskilt informasjon om vedtak i fellesråda som har verknad for samanslåinga/det nye fellesrådet. Fellesråda og fellesnemnda senderover sine møteprotokollar til kvarandre.
- o) Fellesnemnda har medansvar for at dei tilsette sin medverknad vert ivarettatt. Dette må drøftast med dei tillitsvalde så tidleg som mogeleg (jf. HA § 9-4).
- p) Fellesnemnda tilset prosjektleiar og kyrkjeverje.
- q) Nordhordland revisjon vert valt som revisor for fellesnemnda i perioden fellesnemnda er i funksjon ( fram til 30.11.2019).



# DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Del 1 i vedtaket vart samrøysta vedteke.

## **Del 2. Utnemning av representantar frå Meland.**

Følgjande personar vert valt som representantar frå Meland sokneråd: 1. Bent Gunnar Næss Vara: Regine Sagstad Berg.

Forslag til representant nr 2:

- a. Einar Reigstad
- b. Kari Erikstein.

Desse kandidatane vert spurt i denne rekkefølga.

Del 2 i vedtaket vart samrøysta vedteke.

## **Sak 016/17 Arbeidsgrupper kyrkje-kultur frå aug 2017**

*Forslag til vedtak:*

Soknerådet ber om at desse brukargruppene vert oppretta:

Finansieringsgruppe

Informasjonsgruppe

Kyrkjerom

Kyrkjelydslokale/barne og ungdomslokale

Instrument/klokker/AV

Kjøkken

Kontor

Uteanlegg

Gruppene må arbeide intensivt fram mot starten av oktober 2017 med å levere høyringsinnspel til rom- og funksjonsplanen.

*Møtebehandling:*

Kyrkjeutvalet leverer oppdraget til gruppene.

Framlegg til medlemmer i gruppene: Den som står med understreking blir beden om å kalle inn gruppa. Dei som står med stjerne var ikkje spurt eller avklara pr.dd. Pga knapp tid ber vi om at den som har ansvar for å kalle inn også tek ansvar for å spørje kandidatane, (evt i samarbeid med dei som har stilt seg til disposisjon eller andre i kyrkjeutvalet/soknerådet). Gruppene for kyrkjelydslokale/barne og ungdomslokale og Instrument/klokker/AV kan vere tenleg å dele i to undervegs i arbeidet.

- Finansieringsgruppe: kyrkjefinansiering blir gjevartenestekomiteen sitt fokus fram til kommunestyre-vedtaket er gjort. Andreas Westermoen, Idar Simonsen og Eva Kristin Dale Wessman\*.
- Informasjonsgruppe: Regine Sagstad Berg og Roy Carlsen
- Kyrkjerommet: Per Arne Traa, Kari Erikstein, Helge Hitland\*, Junji og Bjørn Furukawa\*
- Kyrkjelydslokale/barne- og ungdomslokale: Anne Marit Fosse Dahle, Marit Sæle\*, Brit Torunn Hitland\*, Andreas Sagstad Berg.



# DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

- Kjøkken: Steinar Dale Wessman\*, Åse Skibenes\* Jan Atle Tvedt (Sansetunet)\*, leverandør av storkjøkken\* NB: Ikkje avklart kven som kaller inn.
- Kontor: Staben v. Anne Sofie Uthaug
- Instrument/klokkar/AV: Trond Fykse, Geir Dahle\*, Kristin Mestad, Ottar Mæstad\*, Ørjan Abrahamsen\* og Harald Norheim\*, representant frå Hordaland musikkråd\*
- Uteanlegg: Jorun Margrethe Espetvedt\*. NB. Manglar ein til å spørje og kalle inn.

Frank Rune Dale, Bent Gunnar Næss og kyrkjeverja, som også er soknerådet sine medlemmer i plankomiteen, tek på seg å koordinere arbeidet og sy saman til bruk inn mot kyrkje/kultur-plankomiteen og konsulentent.

Kyrkjeverja har fått informasjon frå kommuneleiinga om at Rune Håndlykken og ein konsulent frå Asplan Viak blir henta inn som ressursar i planarbeidet.

## *Vedtak:*

Soknerådet ber om at desse brukargruppene vert oppretta:

Finansieringsgruppe

Informasjonsgruppe

Kyrkjerom

Kyrkjelydslokale/barne og ungdomslokale

Instrument/klokker/AV

Kjøkken

Kontor

Uteanlegg

Gruppene må arbeide intensivt fram mot starten av oktober 2017 med å levere høyringsinnspel til rom- og funksjonsplanen.

Samrøysta vedtak.

For Meland sokneråd - fellesrådssaker

Anne Sofie Nergård Uthaug  
Kyrkjeverje